



Husnes 20.09.16

Til elevar og føresette ved Kvinnherad vidaregåande skule

INFORMASJON OM PARKERING OG KØYREMØNSTER

For at det skal vera tryggast mogleg å ferdast på skuleområdet, ynskjer vi å betra trafikksituasjonen ved skulen vår. Til tider oppstår det farlege trafikksituasjonar, særleg om morgonen. Vi ynskjer derfor å informera føresette og elevar om køyremønsteret vi har her på skulen.

Skulen har to parkeringsplasser nede ved hovudvegen. Det er her bilane skal parkera.

Vegen opp til skulen frå Opsangervegen er (privatrettsleg) skilta med innkøyring forbode. Ein kan derfor ikkje køyra opp til skulen for å sleppa av elevar. Det er det berre bussar og taxi som har løyve til.

Mopedar har eigne avtalar om å køyra opp for å parkera på tilvist plass.

Mange bilar køyrer halvvegs opp i brekka, og stoppar ved den øvste parkeringsplassen for å sleppa av passasjerar. Resultatet er at det dannar seg kø av bilar. Om morgonen kan det oppstå lange køar både i hovudvegen og i brekka. Dette skapar ein uoversiktleg trafikksituasjon.

Skal du sleppa av passasjerar ynskjer vi at du køyrer inn på den øvste av dei to parkeringsplassane, og så køyrer vidare rundt og ned til den nedste parkeringsplassen og slepp av passasjerane der. På denne måten unngår vi køane, og trafikkbiletet vert meir oversiktleg.

Vi vil med dette brevet oppmoda føresette og elevar til å følgja tilrådt køyremønster og reglar for parkering.

Vi vil også oppmoda alle fotgjengarane om å gå på fortauet.

Audun Bjelland Rektor